



Referanser:

Dykkar: Tone Andreassen Vik
Vår: 15/619 - 15/15816

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

26.08.2015

Førebels tilbakemelding - nødvendig dokumentasjon til søknaden

Meland kommune viser til dykkar søknad om endring av 18.06.15, til uttale frå brannvern, og til endra lengdeprofil motteke 24.08.15.

Nytt lendeprofil syner ei stigning på 10,8 % heilt frå profil 0, og ei vidare stigning på 12,4 %, og vegen startar i ein krapp sving. Avkjøringa som de her skisserer er såleis ikkje i samsvar med krav til avkjøring frå kommunal veg, jf. veglova, og planmaterieill lyt m.a. dokumentere at avkjøring og veg er planlagt slik at krava kan innfriast.

Det lyt sendast inn korrigererte og supplerande dokument før saka kan behandlast. Plankartet lyt oppdaterast slik at det stettar krava til gjeldande teiknereglar, og slik at planen tek opp eksisterande tilhøve og endringar som er utført. Me kan gjerne ha eit møte og drøfte dette.

Me treng at fylgjande korrigeringar og suppleringar vert dokumenterte:

- Plankartet må påførast høgdedata i samsvar med krava for den vegen som skal endrast, og kurvatur (R) og vegbreidder lyt førast på for alle vegane innafor plangrensa. Dette også i samsvar med eksisterande plan.
- Illustrasjonsplan som syner planlagde skjeringar/fyllingar/murar må leggjast ved, samt korrigert lengdeprofil i samsvar med krava. Illustrasjonsplanen lyt også syne planlagde tilkomstar til dei ubebygde tomtene. Dersom det er sær store høgdeutjamningar som må til, så lyt det skildrast korleis dette skal gjerast, type mur mm.
- Det er opparbeidd fortau langs kommunal veg og fram til avkjøringa som skal endrast, og dette fortauet lyt leggjast inn i plankartet no, i samsvar med eksisterande tilhøve, og påførast mål. Arealet mellom kommunal veg og eksisterande bustadeigedommar i aust lyt synast i planen med formål *anna veggrunn*, og då vegen er kommunal lyt den heite *o_Veg1*.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Regulerte tomtegrenser lyt leggjast inn i kartet for dei tomtene som ikkje er frådelte, og byggjegranser lyt leggjast inn i plankartet i samsvar med teiknereglar for alle bustadtomer. (Byggjegrænse ser ut til å vere lagt inn med tynn heiltrukken linje i teiknforklaringa, men lyt samsvare med teiknereglane.)
- Tittelfelt lyt fyllast ut, og planendringa bør heite «Reguleringsendring for del av Moldekleiv, Austbygda Gnr 27 bnr 75 m. fl». PlanID er 1256 1978 0001.
- Endringa lyt nabovarslast før kommunen kan behandle endringa. Administrasjonen vurderer at endringa kan behandlast som ei mindre endring dersom det ikkje kjem vesentlege innvendingar frå berørte partar. Endringa kan likevel måtte gjennomførast som ei full reguleringsendring dersom berørte partar har innvendingar mot endringa. Administrasjonen vurderer elles at andre mynde sin interesser ikkje vert råka av endringa.
- Skildring av endringa. Blir endringa gjennomført som mindre endring, altså utan at det er kontroversielt, kan planskildring avgrensast til ei nærare skildring av kva endringa går ut på, avviket frå den gjeldande planen og kva konsekvensar endringa vil få.
- Planendringa lyt elles sendast inn i Sosi-format i samsvar med gjeldande krav.

Ta kontakt ved spørsmål eller om de ynskjer eit møte.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.